LINDÅS KOMMUNE
Landbruksavdelinga

Arild Aase
Åse 35
5916 ISDALSTØ

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Kjartan Nyhammer	04.12.2019
Vår: 19/3205 - 19/36178	kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no	

Uttale frå landbrukskontoret til oppføring av sagbruk med lager/verkstad/kontor på gbnr 186/2 Åse

Det vert synt til teikningar i saka.

Arild Aaase er eigar av landbrukseigedomen gbnr 186/2 Åse. Han ynskjer å bygge eit sagbruk med tilhøyrande materiallager/redskapshus/verkstad/kontor til sagbruksverksemda. Landbrukseigedomen gbnr 186/2 Åse har over 300 dekar med produktiv skog. Arild Aase ynskjer å vidareforedla ein stor del av tømmeret frå eigen skog til sjølv. Forretningsplanen er å selje spesialvare av material. Til dømes til grindverksbygg, villmarkspanel osv. Altså spesialdimensjonar som ein ikkje får kjøpt hjå dei store trelasthandlarane. Åse ligg sentralt plassert i Nordhordland og har eit stort nedslagsfelt med tanke på kundar. Det er også kort veg til Bergensregionen frå Åse.

Då sagbruket i stor grad vert basert på gardens eige ressursgrunnlag er tiltaket i tråd med LNF – formålet i Lindås kommune sin kommuneplan.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arild Aase	Åse 35	5916	ISDALSTØ